

”Kulturnisto”

Plan for kulturformidling i skule og barnehage
2010-2013

Fusa kommune



Oppdatert 30. juni 2010

INNLEIING

Fusa kommune utarbeidde sin første plan for den kulturelle skulesekken "Kulturnisto" i 2004.

Denne vart rullert gjennom eit arbeid som har pågått i 2008 og 2009. Det har vore ei arbeidsgruppe som har jobba fram ein utvida kulturhistorisk del av planen; "Fusanisto". Desse har vore med i gruppa: Heidi Baldersheim, Sveinung Norheim, Kari Kallevik Hjartnes og Anne Martinsen

Sekretær for dette arbeidet har vore bygdebokforfattar Ella Marie Brekke Vangsnes.

Den "kreative" eller kunstfaglege delen av planen er gjennomgått og oppdatert av koordinator for DKS i Fusa Erik Vangsnes i nært samarbeid med arbeidsgruppa for DKS som for tida har desse medlemene: Olaug Bjørndal, Paul Merkesdal, Are Fløisand, Vigdis Teige og Erik Vangsnes som koordinator.

BAKGRUNN

Kunst og kultur har lenge vore ein del av kvardagen i skulen. Skulen har vore ein sentral kulturformidlar og kulturbyggjar. Denne rolla vart sterkt understreka i det nye læreplanverket som kom i 1997. Barnehagane fekk sin "Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver" frå Kunnskapsdepartementet i 2006. Denne peikar på barnehagen si rolle som kulturformidlar.

Lenge før desse plan verka kom og omgrepet Den kulturelle skulesekken vart lansert, gjorde ein i Fusa mykje godt arbeid med kulturformidling i eit samareid mellom barnehage/skule- og kultursektor; teaterframsyningar, forfattarbesøk og konsertar. I skulen har det også vorte gjort mange gode og nyskapande prosjekt innan t.d. formidling av lokalhistorie.

Med Den kulturelle skulesekken vert kommunane utfordra til å setja dette arbeidet i system. Frå å jobba sporadisk med kultur og kulturformidling skal ein no arbeida systematisk. Dette er også eit vilkår skal ein få ta del i dei statlege ressursane som vert stilt til rådvelde frå speleoverskotet gjennom Den kulturelle skulesekken.

I Fusa har ein ønskt at planen for den kulturelle skulesekken også skal femna om barnehagane. Ein har difor valt det meir nøytrale namnet "Kulturnisto". Ein plan som femnar om både skule og barnehage, vil gje ein god heilskap og kontinuitet i kulturformidlinga til born.

VISJON

Visjonen med denne planen er at born og unge i Fusa skal få oppleva barnehage og skule som eit kraftfelt for kunst og kultur, der dei sjølve kan utvikla sine kreative evner utifrå eigne føresetnader og talent.

OVERORDNALE NASJONALE MÅL

Stortingsmelding nr 38 har formulert overordna mål for DKS:

- å medverka til at elevar i grunnskulen får eit profesjonelt kulturtilbod
- å leggje til rette for at elevar i grunnskulen lettare skal få tilgang til, gjera seg kjende med og få eit positivt forhold til kunst- og kulturuttrykk av alle slag
- å medverke til å utvikle ei heilskapleg innlemming av kunstnarlege og kulturelle uttrykk i realiseringa av skulen sine læringsmål

Vidare heiter det i Stortingsmeldinga:

I utviklinga av Den kulturelle skulesekken vil det vera viktig

- å nytte lokal kulturarv, kunst- og kulturressursar i aktivitetar
- å appellere til og utvikle borna si nyfikne, deira kreativitet og ansvarskjensle
- å sikre at elevane får fagkunnskap som grunnlag for kreative uttrykksformer og eiga formidling gjennom ord, bilete, musikk og song, og dans og drama
- å sikre borna gode møte med fagfolk på ulike kunst- og kulturfelt
- å sikre eit kulturtilbod også til funksjonshemma elevar

Det må her understrekast at ein også må trekka inn andre kulturarv enn den norske. Sjølv om ein skal leggja vekt på det lokale, med lokale tradisjonar og lokal kulturarv må det også vera plass til det fleirkulturelle og globale perspektivet. Fusa er også blitt eit fleirkulturelt samfunn og ”Kulturnisto” må avspeгла dette.

PLANSTATUS

”Kulturnisto” har status som ein fagplan for oppvekstområdet. Planen vert styrande for aktiviteten og prioriteringar innan dei fastsette budsjetta.

Planen gjeld i denne omgang perioden 2009-2012 og skal rullerast kvart fjerde år.

AKTØRAR/SAMARBEID/RESSURSAR

Lokale aktører i arbeidet med ”Kulturnisto” innanfor Fusa kommune sin organisasjon er skulane, barnehagane, kulturskulen, kulturkontoret, folkebiblioteket, vaksenopplæring og pedagogisk/psykologisk utviklingscenter.

Viktige eksterne samarbeidspartnarar er nabokommunane. Det er etablert eit regionalt samarbeid om årlege Fornminnedagar i samarbeid med Hordamuseet. Bergen kommune eig og driv Hålandsdalen leirskole og er ein viktig aktør og partner i arbeidet med lokalhistorie gjennom leirskuleopphald for 7. klasse. Det er på trappene eit DKS tilbud for vidaregåande trinn og då vil det vera aktuelt med meir systematisk samarbeid om turnear med Fusa vidaregåande skule. Så langt har det vore sporadiske samarbeid.

Alle desse aktørane sit på ein viktig kompetanse og det vert ei utfordring i arbeidet med ”kulturnisto” å få nytta denne kompetansen best mogeleg i kulturformidlinga til barn og unge.

Nærmiljøet sit også på andre ressursar/kompetanse som bør trekkjast inn; lag og organisasjonar, kunstnarar/musikarar, handverkarar, forteljarar, ulike tradisjonsformidlarar.

Det er også ulike fysiske miljø som er viktige i arbeidet; kulturminnemiljø, Hålandsdalen leirskole, Kikedalen, kulturstiar, verkstader til lokale handverkarar og kunstnarar m.m.

ØKONOMI

I 2002 blei det løyvd 12 millionar til innføring av *Den kulturelle skulesekken* på landsbasis. Hordaland fylke fekk tildelt 1 million. I 2009/2010 får fylket meir enn 10 mill kr frå staten. Vel 70.000,- av dette kjem som øyremerka midlar til Den kulturelle skulesekken i Fusa.

Fusa får i tillegg tilbud om sterkt subsidierte turnear som kjem ut til skulane. Eigendelen per elev er kr 9,-.

Frå skuleåret 2004/2005 har Fusa fått tilbud om skulekonsertar frå Rikskonsertane. Eigendelen er der også kr 9,- per elev. Kostnaden for Fusa kommune er på om lag 10.000 kr per år. Også denne ordninga er sterkt subsidiert frå staten si side.

Fusa kommune har dei første åra ikkje hatt avsette midlar til DKS som ein felles post driftsbudsjetta. For 2009 vart det avsett egne midlar til gjennomføringa av tiltak i den kulturhistoriske delen av planen; Kulturnisto. Skular og barnehagar brukar også pengar frå eige budsjett til honorar til gjestande kunstnarar, museumsbesøk og anna kulturformidling.

HOVEDMÅL

Det er formulert 3 hovedmål for den kreative delen av Kulturnisto:

1. **Styrkja formidlinga av profesjonell kunst og kultur i barnehage og skule**
2. **Styrkja eigenaktiviteten og arbeidet med kreative kulturuttrykk i barnehage og skule**
3. **Stimulera til leselyst og leseglede**

Mål 1. Styrkja formidlinga av profesjonell kunst og kultur i barnehage og skule

Delmål	Strategi	Ansvar	Økonomi
Barn i barnehagen 0-3 år skal få minst 1 kulturformidlingstilbod per år	Bruka lokale krefter og ressursar	Barnehagenettverk	Øyremarka midlar FK
Alle barn 4-5 år skal få tilbod om minst 1 konsert/ eller teater per år	Benytta seg av turnetilbod	DKS lokalt	Øyremarka midlar FK
Kvar skuleelev skal få tilbod om minst 1 teaterframsyning per år	Ta i mot turnetilbod frå DKS regionalt og supplerer med egne tilbod i lokal DKS regi	Skulane DKS lokalt	Eigendelar (kr 9 per elev) DKS budsjett lokalt
Kvar skuleelev skal få tilbod om minst 2 konsertar/musikk-tilbod i året	Nytta Rikskonsertane	Skulane	Eigendelar
Kvar skuleelev skal få tilbod om 1 møte med forfatter i løpet av barnetrinnet og 1 på ungdomstrinnet	Lokale turnear	Skulane/DKS lokalt	DKS budsjett lokalt
	Regionale turnear	Skulane	Eigendelar
Kvar skuleelev skal få tilbod om minst 2 møte med profesjonell dans på barnetrinn og 1 på ungdomsskulen	Ta i mot turnetilbod frå DKS regionalt	Skulane	Eigendelar
	Lokale turnear	DKS lokalt	DKS budsjett lokalt
Kvar skuleelev skal få tilbod om minst 2	Ta i mot turnetilbod frå DKS	Skulane	Eigendelar

møte med profesjonell biletkunstnarar på barnetrinn og 1 på ungdomsskulen	regionalt Laga skuleturne lokalt	DKS lokalt	DKS budsjett lokalt
---	-------------------------------------	------------	---------------------

Mål 2. Styrkja eigenaktiviteten og arbeidet med kreative kulturuttrykk i barnehage og skule

Delmål	Strategi	Ansvar	Økonomi
Alle barnehagar skal kvart år laga eit kulturprogram/ scenisk arbeid	Prosjektarbeid	Barnehagane	Eigne midlar
Alle skuleelevar skal ta del i eit kulturprogram/ scenisk arbeid i løpet av barnetrinnet	Prosjektarbeid	Skulane	Eigne midlar
Ungdomsskulen skal kvart år gjera ein musikal-produksjon/ scenisk arbeid	Prosjektarbeid Valfag	Ungdomsskulen	Eigne midlar
I løpet av ungdomstrinnet skal alle ha fått tilbod om skrivekurs	Prosjektarbeid	Ungdomsskulen/ folkebiblioteket	DKS budsjett lokalt
Skulane skal vera bidragsytarar til Ungdommens kulturmønstring	Tema/prosjektarbeid Formingsfag	Skulane Kulturskulen Kulturkontoret	Eigne midlar

Mål 3. Stimulera til leselyst og leseglede

Delmål	Strategi	Ansvar	Økonomi
Alle elevar i grunnskulen skal kvart år ha ein intensiv leseperiode/ leseprosjekt	<ul style="list-style-type: none"> • Bruk av ferdigsydde leseprosjekt for 5.-6. klasse og 7. klasse. • Laga nye opplegg for andre trinn. • Forfattarbesøk. 	Skulane/ folkebiblioteket/ PPUS	Bokinnkjøp gjennom folkebibl. PPUS DKS budsjett lokalt

Kvart barn skal oppleve leseglede og få leselyst i barnehagen	<ul style="list-style-type: none"> • Bruka språkleik, rim reglar, fortelling og song • Førebuande lese og skriveopplæring for 5-åringane • Samarbeid med bokbuss/ bibliotek • Samarbeid med skulen med t.d. lesegrupper 	Barnehagane	Eigne midlar
---	---	-------------	--------------

TEMAPLANAR

Som ei rettesnor for det interne arbeidet med kunst- og kulturuttrykk i skule- og barnehagar, er det laga temaplanar for kvart hovedtrinn.

Finansieringa av ekstern hjelp er her tenkt dekkja av skulane på eige budsjett. Tiltaka er periodemål. Når det gjeld kurs av tilsette i barnehage er dette tiltaket tenkt finansiert med kompetansehevingsmidlar på felles budsjett.

TEMAPLAN FOR BARNEHAGANE

	Tema	Strategi	Organisering	Økonomi
Lokal kultur og tradisjon	Musikk	<ul style="list-style-type: none"> • Ta i bruk lokale folketonar m.m. • Kursing av personale 	Musisk veke og eller tema gjennom året	3.000,- (ekstern hjelp) 5.000,-
	Husdyr	Læra om arbeid, produksjon av mat og klede m.m. gjennom dyrehald	Tema gjennom året	Eige budsjett
	Teater	<ul style="list-style-type: none"> • Dramatisering av eventyr. • Kursing av personale 	Teaterveke	3.000,- (ekstern hjelp) 5.000,-
Kostnad			6 barnehagar x 3.000,- x 2 opplegg 2 felles kursdagar a kr 5.000	36.000,- 10.000,-

TEMAPLAN FOR BARNETRINNET

	Tema	Strategi	Organisering	Kostnad
Kreativ kultur	Biletkunst	Bli kjent med	Kunstveke	3.000,- (ekstern hjelp)
	Musikk	Bli kjent med	Musisk veke	3.000,- (ekstern hjelp)
	Teater	Bli kjent med	Teaterveke	3.000,- (ekstern hjelp)
	Dans	Bli kjent med	Prosjektveke	3.000 (ekstern hjelp)
	Litteratur	Intensiv leseperiode med systematisk opplegg	Leseprosjekt	3.000 (ekstern hjelp)
	Skulptur	Bli kjent med	Skulpturveke	3.000 (ekstern hjelp)
Kostnad			6 skular x 3.000,- x 6 opplegg	108.000,-

TEMAPLAN FOR UNGDOMSTRINNET

	Tema	Strategi	Organisering	Økonomi
Dei skjøne kunstar	Arkitektur	Bli kjent med	Prosjektveke	3.000 (ekstern hjelp)
	Musikk	Musikal	Prosjekt gjennom året	Prosjekt-finansiering
	Film	Læra om film som kunstuttrykk	Prosjektveke	3.000 (ekstern hjelp)
	Form/ design	Avdekka kunst og design sin plass i kvardagen	Prosjektveke	3.000 (ekstern hjelp)
	Litteratur	Kreativ skriving	Leseprosjekt/ skrivekurs	3.000 (ekstern hjelp)

Kostnad		1 skule x 3.000,- x 4 opplegg	12.000,-
---------	--	-------------------------------	----------

”Fusanisto” – den lokalhistoriske delen av fagplan for den kulturelle skulesekken DKS

Mål: Skuleborn i Fusa skal læra lokalhistorie – fordi:

- **Bevisstgjeriing:**

⇒ **Medvitne samfunnsborgarar**

”Veit vi ikkje noko om det som har vore, vil vi heller ikkje klårt kunne sjå det som er. Veit vi ikkje kvar vi står, veit vi heller ikkje kvar vi skal gå” (Jan Magnus Bruheim)

- **Identitetsbygging:**

⇒ **Røter**

- Kjenna lokalmiljøet/heimstaden
- Ta heile kommunen i bruk
- Elevane skal bli gode ambassadørar for Fusa

- **Samfunnsutvikling:**

⇒ **”Kulturelt heimevern”**

- Positivt fusabilete – tilbakeflytting

- Kunnskapsformidling om lokale kulturminne er også tilrettelegging for reiseliv/turisme

Strategi:

- Undervisningsplanen "Fusanisto" skal innarbeidast i "Kulturnisto" – plan for kulturformidling i skule og barnehage (den kulturelle skulesekken – DKS)
- Gjennomføringa av "Fusanisto" må sikrast ved ei årleg kommunal løyving til lokalhistorie i barneskulen, inkludert leirskuleopphald i Hålandsdalen

Tiltak:

- Byggja Fusa-identitet gjennom ein felles undervisningsplan, "Fusanisto"
- 1-2 lokale program pr. klasstrinn for å sikra at alle elevane i løpet av grunnskuletida har fått kunnskap om og besøkt sentrale kulturminne i Fusa
- Ei veke på Hålandsdalen leirskole for 7. klassane som berebjelke i "Fusanisto" med førearbeid felles for alle skulane og etterarbeid knytt til kvar skulekrins
- Info til lærarane (tips til bruk av bygdebøkene, biletbasen og LAF)

Temaplan:

Innhald / kulturminne	Klassesteg / stad	Føremål (kunnskapsløftet) og gjennomføring	Kjelder, metode, medarbeidarar	Lengde / tid	Kostnader
Det nære	Småskulesteget: Nærmiljøet/skulekrinsen	- Kunne bruka omgrepa fortid, notid, framtid om seg sjølv og familien - Snakka om skilnader og likskapar før og no - Fortelja om korleis levevis og levekår har endra seg			
Familien min	1. klasse	<u>Kvar skule på eige initiativ:</u> - Familien – skilnader/likskapar i samansetjing, storleik, oppg. - Kjønnsroller - Skapa forteljingar om msk i fortida - Utforska kjelder - Slekststre	Familie / slekt Bygdebok Foto Internett Ferdig PPP	Fritt val	Ingen
Arbeid og arbeidsdeling	2. klasse	<u>Kvar skule på eige initiativ:</u> - Arbeid ”før i tida” - Kjønnsroller - Arbeid knytt til årsrytmen - Skapa forteljingar om msk i fortida - Utforska kjelder	Gamle folk Bygdebok Foto på internett Ferdig PPP	Fritt val	Ingen
Bygda mi Frå 1900 til 2010	3. klasse	<u>Kvar skule på eige initiativ:</u> - Utforska (kultur)landskapet nær skulen og heimen - Kjenna att hist. spor i lokalmiljøet	Ferdig foto-PPP Bygdebok Tur	Fritt val	Ingen
Levemåte i Fusa (kvardagsliv, sosiale skilje, byggeskikk, sosialt liv, kommunikasjonar, helg og høgtid, skulehistorie)	4. kl + mellomsteget: Nord: Samnøy; Hålandsdalen; Sør: Engevik i Sævareid; Fusahalvøya: Strandvik og	- Sjå samanhengar mellom naturressursar, busetnad, levevis - Utforska, skildra og forklara natur- og kulturlandskapet - Kjenna att hist. spor i lokalmiljøet - Forbruk og miljø - Sosiale skilje: Korleis msk. tenkjer og handlar utfrå samf. det lever i - Identitet og kultur			

	Vinnesholmen	- Svartedauden - Hovudtrekk v/samf.utviklinga i Noreg frå vikingtida til slutten av dansketida - Opplysningstid - Utforska ulike kjelder			
Vikingsliv Strandvik	4. klasse	- Forminnetdag – felles aktivitetsdag - Frå jernalder til vikingtid	Hordamuseet	1 dag, haust	DKS
„Der ingen skulle tru at nokon kunne bu“ <ul style="list-style-type: none"> • Nesbjørghnes • Yddal • Ljotå • Rennesvik 	4. klasse	<u>Kvar skule på eige initiativ:</u> - Kommunikasjonar - busetnad - Endringar i levevis og levevilkår - Matforsyning, ressursutnytting	Ferdig PPP Tur Turkartet Foto på internett Bygdeboka	Vår	Ingen, evt. transport
Livet i bronsealderen Samnøy	5. klasse	- Forminnetdag – felles aktivitetsdag - Frå steinalder til bronsealder	Hordamuseet	1 dag, haust	DKS
Husmannsplassen Vinnesholmen	5. klasse	<u>Felles aktivitetsdag:</u> 1) Innføring i husmannsvesenet - PPP 2) Huset m/koking av vassgraut 3) Løa m/gamal kurase, holmen/jorda og åkrar, fôr, beite, brensel; 4) Naustet m/robåten – til transport, føring og fiske – kystkultur	Lokale ressurspersonar EMBV Ferdig PPP	1 dag, vår	Komm. DKS (Transport Instruktørar)
Eidegrend klyngjetun	6. klasse	<u>Felles aktivitetsdag:</u> o Byggeskikk og tunskipnad o Korleis blir eit sentrum til? Gard – grend – bygd o Baking	Margun Eide Lokale ressurspersonar EMBV Ferdig PPP	1 dag, haust	Komm. DKS (Inng.pengar, instruktørar, transport)
Embetsmannsgarden Engevik, handelsstaden Engevik hamn og fabrikkbygda Sævareid	6. klasse	<u>Felles aktivitetsdag:</u> - 1700-talet, dansketida og embetsmennene på Engevik gard - 1800-tal m/handel, fiske og føring, pensjonatdrift /landliggjarar og profesjonalisering i Hamn - Utsikt bort på fabrikkbygda Sævareid og 1900-talet - Og 2000-talet med fiskeanlegget	Fam. Ditmarsen, Eigarar E.Hamn Lokale ressurspersonar EMBV? Ferdig PPP	1 dag, vår	Komm. DKS (Inng.pengar, instruktørar, transport)
Leirskuleveke i Hålandsdalen <ul style="list-style-type: none"> • Audegarden Kikedalen • Holdhus kyrkje • Skulemuseet • Ungdomshuset Solvang 	7. klasse	<u>Felles leirskuleveke for 7. kl:</u> Natur, kultur, miljø: - Svartedauden - Kommunikasjonar	Bergen kommune: Hålandsdalen leirskole Ferdig PPP Bygdeboka	1 veke, haust	Transport Kost og losji Undervisning Medfølgjande lærar Statlege og komm.

<ul style="list-style-type: none"> • Drageidkanalen • Ferdslewegen til Strandebarm • TUNET Plassen: Smia, eldhuset, bakstehuset, gamlestova, stabburet 		<ul style="list-style-type: none"> - Skulehistorie - Religiøse skikkar og religionshistorie, symbol, byggeskikk, sosiale skilje - Lokale handverkstradisjonar 	Foto på internett		løyvingar, noko eigenbet. skulane
---	--	--	-------------------	--	-----------------------------------

FINANSIERING ”KULTURNISTO”

	Årleg kostnad	Kostnad i løpet av perioden	Finansiering
Eigendelar Rikskonsertane	10.000		Felles skulebudsjett
Eigendelar DKS turnear	10.000		Kulturbudsjettet
Tiltak Fusanisto med leirskule	175.000		Felles skulebudsjett
Temaplanar skule		120.000	Delt på budsjett kvar skule
Gjennomføring av temaplanar barnehage		36.000	Delt på budsjett kvar barnehage
Kurs barnehagetilsette		10.000	Felles budsjett for barnehage
Gjennomføring av handlingsprogram DKS i 2009/2010	77.000		Øyremarka DKS-midlar/ kulturbudsjett
TOTAL	Kr 272.000,-		

HANDLINGSPROGRAM 2010/2011

Tiltak som er planlagde i regi av Fusa kommune i skuleåret 2010/2011 der det er finansiering frå DKS:

Prioritet	Tiltak	Omtale	Ansvar/ koordinatør	Økonomi
	Teater	Teatertilbod til 4-5 åringar i barnehagane	Kulturkontoret	Øyremarka midlar FK
		Kulturformidling i BH til 0-3 åringar	Kulturkontoret	Øyremarka midlar FK
	Kunstreisa	Samla 10. klasse besøker Bergen kunstmuseum	Ungdomsskulen	DKS kr 10.000,-
	Dans	5.-10. klasse	Kulturkontoret	DKS kr 25.000,-
	Tekstverkstad	Kreativ skrivning er eit prosjekt der skriveverkstader er leia av forfattar/ekstern kompetanse	Ungdomsskule	DKS kr 10.000
	Litteraturformidlar	Turne til mellomtrinnet på kvar skule	Kulturkontoret	DKS kr 20.000,-
	Forfatterbesøk	Thor Soltvedt til 10. klasse	Ungdomsskulen	DKS kr 5.000,-

Litteratur

1. Kunnskapsløftet
2. KUF: Utgreiing om kulturformidling i grunnskulen – ”Broen og den blå hesten”.
3. Stortingsmeld. nr. 39 (02-03) ”Ei blott til lyst – om kunst og kultur i tilknytning til grunnskolen”
4. Stortingsmeld. nr. 38 (02-03) – ”Den kulturelle skolesekken”
5. KUF ”Gi rom for lesing” – Strategi for stimulering av leselyst og leseferdighet 03-07
6. Rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver, Kunnskapsdepartementet 2006